



Møteprotokoll for Radøy eldreråd

Møtedato: 15.02.2018

Møtested: Kommunestyresalen

Møtetid: 11.00

Fellesmøte med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Norvald Elvik		Medlem
Magnar Klausen		Medlem
Oddbjørg Dragøy		Medlem
Berit Grindheim		Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Laila Seifaldet Pletten	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Saksliste

Saksnr	Tittel
--------	--------

- | | |
|----------|---|
| 001/2018 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 002/2018 | Godkjenning av møtebok |
| 003/2018 | Meldingar og referatsaker |
| 004/2018 | Endringar i postomberinga - høyring |
| 005/2018 | Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen |

001/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Eldreådet godkjende innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Rådet godkjende møtebok frå møte 4. desember 2017.

Vedtak:

Møtebok vert godkjent.

003/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Konsulent Ingvar Rolstad orienterte om arbeidet og utfordringar knytt til utarbeiding av kommunedelplan for helse og omsorg. Han svara på spørsmål og han ba om innspel frå råda. Kommunedelplanen for helse og omsorg har eit 8 års perspektiv. Rolstad peika på utfordringa som ligg i å tenkja langt fram og samtidig nært. Planen dekker heile kommunen sitt ansvar for helse og omsorg – førebygging, tiltak, behandling.

Mellom anna peika råda på utfordringa knytt til demens, og at det er stadig yngre menneske som blir ramma. Fordi me bli fleire eldre, vil demens også ramme fleire. Konsulenten sa at det generelt sett er eit for dårleg tilbod til unge med demens.

Utvikling av omsorgsteknologi vil også vera eit viktig tema i helse- og omsorgsplanen. Medlemane i råda er oppteken av å få ut informasjon til aktuelle brukargrupper og pårørande og folk flest, om kva omsorgsteknologi i praksis vil innebera. Det vart også peika på at ein ressurskrevande brukarar ikkje vil kunne dra nytte av omsorgsteknologi.

Behovet for førebyggande tiltak vart framheva, og konsulenten sa at både førebygging og folkehelse blir viktige element i planen.

Ingvar sa at det blir ei utfordring å få tak i nok hender til omsorg i Radøy. Lindås og Meland er i same situasjon. Kommunane har avgrensa økonomiske ressursar og utfordringa vil vera å få tak i medarbeidarar med rett kompetanse. Det er sannsynleg at det på landsbasis i 2040 vil mangla 40.000 omsorgsarbeidarar.

Dugnad og frivillig innsats vert omtalt i planen. Medlemane i råda er opptekne av å få større fokus på frivillig arbeid, mellom anna i form av at tilsette som blir pensjonistar vil kunne vera ein god ressurs. Det vart peika på at friske eldre kan vera eit bidrag i omsorgsyrka - evt. med ei form for kompensasjonsordning.

Konsulenten meiner dessutan det er altfor mange som jobbar deltid i omsorgsyrka, og ser eit betydeleg potensiale for at fleire kan jobba fulle stillingar.

Medlemane i råda meiner det er viktig å løfta blikket og samarbeida på tvers av sektorar for å utnytta den samla kompetansen i kommunen. Dei er også opptatt av kor viktig det er at omsorgsyrka vert framsnakka, slik at ungdom blir motiverte til å velja desse yrka. Dei peikar på at det kan bli for mykje klaging og syting om lange vakter og for låg løn, og for lite fokus på alle dei positive sidene ved å jobba i omsorgssektoren.

I råda vart det også stilt spørsmål om kven som gjev svar på søknader om hjelp. Det vart peika på at brukarar opplever at dei ikkje får svar, og ikkje nokon grunn for kvifor.

Kommunedelplan for helse og omsorg skal ut på høyring i løpet. Medlemane i råda vil få tilsendt planen i god tid, og får planen til høyring. Planen skal endeleg godkjennast i kommunestyret i junimøtet.

Planarbeid - status: Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte om ulike planar som er under arbeid i kommunen, både i kommunal og privat regi. Han opplyste at kommunen i planarbeidet er i til dels ganske krevjande dialog med regionale styresmakter for at det ikkje skal bli retta motsegn mot planen.

Raknes trekte mellom anna fram kommunderplan for Bø, kloakkreinseanlegg Mangersvågen, delrevisjon av kommuneplan og Veg Marås – Soltveit.

Alver kommune: Varaordførar Jostein Borlaug orienterte om arbeidet i fellesnemnda. No er leiargruppa rundt programansvarleg/rådmann Ørjan Raknes Forthun på plass. Ulike arbeidsgrupper og komitear er sett ned, og fleire vil koma. Mellom 80 og 100 prosjekt skal gjennomførast på veg mot Alver kommune.

Bustadsosial handlingsplan: Det vart ikkje orientert om utkast til bustadsosial handlingsplan i dette møtet, fordi planarbeidet ikkje er avslutta. Råda er opptatt av å få planen framlagt når den er ferdig. Det vert mellom anna peika på at det er mangel på bustader til vaksne funksjonshemma. Råda etterspurde også status og framdrift for kartlegging innanfor Omsut.

Rådet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

004/2018: Endringar i postomberinga - høyring

Behandling:

Rådet meiner det må vera fleire enn 30.000 personar som skadelidande ved at postomberinga blir redusert. Rådet fryktar at postombering annan kvar dag (3 dagar ei veke - to dagar den neste), vil få konsekvensar for mange - ikkje minst innanfor eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet reagerer også på at departementet ikkje vil setja inn kompenserande ordningar for dei som blir sterkest ramma.

Rådet har forståing for at postomberinga kan bli endra, men meiner forslaga til reduksjonen er for omfattande. Rådet meiner bestemt at sårbare grupper sine behov for postombering må ivaretakast på ein langt betre måte enn det er lagt opp til i høyringa.

Det vert mellom anna peika på at det framleis er mange - særleg eldre, som ikkje har tilgang til nettbank. Særleg i distrikta kan det vera krevjande for t.d. rørslehemma å koma seg butikk for å henta post og viktig medisin.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet kjem med følgjande felles uttale til høyring om endring i postomberings-frekvensen:

Råda vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa. Likevel ser me det som naudsynt at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd. Råda vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt. I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimun 4 Mbit/s nedstraums hastigkeit. Dei resterande husstandane som manglar tilbodet vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Råda meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og råda meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn det som vert rapportert. Dette vil etter vår mening ramma fleire. Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Råda stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.

Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompenserande tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Me stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressurssvake vil ha motsett effekt.

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet kjem med følgjande felles uttale til høyring om endring i postomberings-frekvensen:

Råda vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa. Likevel ser me det som naudsynt at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I

Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd. Råda vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt. I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimun 4 Mbit/s nedstraums hastigkeit. Dei resterande husstandane som manglar tilboden vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Råda meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og råda meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn det som vert rapportert. Dette vil etter vår mening ramma fleire. Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Råda stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.

Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompenserande tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Me stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressurssvake vil ha motsett effekt.

005/2018: Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Behandling:

Eldrerådet slutta seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.

Vedtak:

Eldrerådet sluttar seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.
